

Behovsvurdering ny klatrehall og buldrerom Knarvik

Anleggsnummer: 72488, eigar Lindås kommune

Prosjektet står på førsteplass i handlingsprogrammet i Lindås kommune sin kommunedelplan for Idrett, Aktivitet og Friluftsliv. Midlar til å gjennomføra prosjektet er vedteke i kommunen sin økonomiplan for året 2017.


Den nye hallen er plassert i Nordhordland sitt regionsenter Knarvik. Anlegget består totalt av fleirbrukshall, klatrehall, buldrerom, to trimsalar samt garderober og lager. Anlegget er samlokalisert med ny Knarvik barneskule og i gangavstand frå den eksisterande Nordhordlandshallen og uteanlegg for friidrett og fotball.

Regionen Nordhordland har per i dag ikkje ein eigen klatrehall. Det finst mindre klatreveggar i tre hallar. I tillegg til klatregrupper i dei aktuelle idrettslaga, er det og etablert ein ny felles klatreklubb i samband med den vedtekne kommunesamanslåinga.

Eit skikkeleg klatreanlegg vil gje Lindås kommune eit meir allsidig idrettstilbod. Ut frå folketal og erfaring frå andre stader, må det forventast at ein klatreklubb fort vil utvikla seg til fleire hundre medlemmar straks eit anlegg er på plass. Å etablere eit skikkeleg klatreanlegg og klatreklubb, er og ønskeleg ut frå at dette er ein idrett ein veit appellerer til grupper som gjerne ikkje finn seg til rette i dei meir tradisjonelle aktivitetane. Vidare vil tilbodet også appellera til vaksne i større grad enn ein del andre idrettar. Livsstilssjukdomar blant 30-40 åringar er eit av områda kor Lindås kommune kjem dårleg ut i helseundersøkingar.

Buldrerom vil gje auka kapasitet og større variasjon på klatreanlegget, samstundes som dette gir skulane betre moglegheit til å nytta anlegget. Buldrerom vil også gje moglegheit til meir uorganisert aktivitet i samband med til dømes «open hall».

Knarvik er regionsenter også for idretten, slik at fleire av idrettslaga som nyttar anlegga i Knarvik, i realiteten tilbyr aktivitet for barn og unge frå heile Nordhordland. Det bur i dag langt over 10 000 menneske innanfor 5 minuttars kjøring. Plan for utvikling av Knarvik legg opp til kraftig vekst i folketalet i åra framover, med inntil 5000 nye innbyggjarar i gangavstand frå den nye hallen. Det nye klatreanlegget må reknast å bli hovudanlegg for klatring i ein region som per i dag har 30 000 innbyggjarar.



Atle Vaage

Fagleiar idrett og grønt Lindås kommune